



Helse og omsorgsdepartementet

Dykkar ref.

Vår ref.

12/257-3/ 12/1029/G27/NMK

Dato:

Manger: 25.01.2012

SVAR PÅ HØYRINGSNOTAT FORSLAG OM ENDRINGAR I TURNUSFORSKRIFTA

Viser til brev om forslag til endringar i forskrift om turnustjeneste for å få autorisasjon som fysioterapeut, datert 10.01.2012.


Radøy kommune ønskjer i utgangspunktet at det skal vere mogleg å tiltre turnusstilling etter bestått eksamen, utan venteliste. Grunna manglande tilgang på praksisplassar både i kommune- og spesialisthelsetenesta ser vi likevel behov for å innføre ventelister.


Om ikkje kommunane kan prioritere turnusplassar vil det også vere liten sjanse for at dei opprettar stilling som fysioterapeutkandidat. Personen vil dermed kunne måtte gå over i anna arbeid, og vi har difor ei bekymring for at det blir manglande kontinuitet i utdanninga.

Vi håper difor at det uavhengig av endringane i forskrifta blir arbeidd med tiltak for å stimulere til oppretting av fleire turnusplassar. Eksempel på dette kan vere auke i fastlønstilskotet for turnusfysioterapeutar. Det bør også vere samsvar mellom tal studentar og godkjente turnusplassar.

Radøy kommune sluttar seg til endringane, med dei merknader som kjem fram ovanfor.

Med helsing


Leif Taule
Konstituert rådmann


Nina M. Kvamme
Rådgevar helse og omsorg